

NVE  
Konsesjonsavdelinga  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

## **Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til å bygge Øvrebø kraftverk i Jølster kommune, Sogn og Fjordane**

Vi viser til høyringsbrevet dykkar av 17.01.2014 og til sakspapira som vi har lasta ned via nettet. Fråsegna vår er basert på søknaden med vedlegg, samtaler med lokalkjende, eigen kunnskap, og informasjon henta via nettet. På grunn av at svært mange saker er på høyring samstundes, har vi sett oss nøydde til å forenkle fråsegnene våre ein del. Vi vurderer ikkje biologisk mangfald i nemneverdig grad, og konsentrerer oss om å omtale friluftsliv, landskap og utbyggingsløyisingar.

### **Om Sogn og Fjordane Turlag:**

Sogn og Fjordane Turlag (sjå [www.turistforeningen.no/sognogfjordane](http://www.turistforeningen.no/sognogfjordane)) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 5.809. Øvrebø kraftverk ligg i Indre Sunnfjord Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://www.istur.no/>

### **Om friluftsliv i det aktuelle området:**

Vegen (først 1,4 – 1,5 km bilveg/bomveg, så traktorveg) som går frå Indrebø til Gotdalsstøylen, har to hovudfunksjonar/hovudbruksmåtar for friluftsliv:

1. Som turveg for lokalt "kvardagsfriluftsliv" i Jølster. Brukarane er hovudsakleg folk busette i Jølster, men kan også vere frå nabokommunar.
2. Som innfallsport til Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, og som ei av rutene til Indre Sunnfjord Turlag si hytte Longevasshytta. Brukarane er då hovudsakleg frå regionen, både frå Jølster og andre kommunar.

**Kommentarar til bruksmåte 1:** Område som er eigna for nærfriluftsliv/"kvardagsfriluftsliv" er reint generelt attraktive og mykje brukte. I område som ligg nær tettstadar kan det vere reine "folkevandringa". I andre område, som dette (mellom Indrebø og Gotdalsstøylen,) er bruksomfanget mindre, men det kan likevel vere ganske stort, fordi området vert brukt 7 dagar i veka så lenge tilhøva på strekninga er eigna for turgåing.

Turgåarar sitt syn på å gå på grusvegar, varierer sterkt. Nokre brukargrupper ønskjer primært å gå på grusvegar og andre godt tilrettelagde turvegar. Nokre brukargrupper "avskyr" på gå på slike vegar, og vil helst berre gå på stiar i terrenget. Og dei som truleg er dei fleste, går både på vegar og på stiar alt etter som det passar. Dessutan er ubrøyta vegar ofte svært attraktive for skigåing.

Inntrykket vi har fått, mellom anna etter å ha snakka med ein erfaren turleiar som har gått mykje i området, er at vegen mellom Indrebø, forbi utbyggingsområdet og til/i retning av Gotdalsstøylen er ganske mykje brukt for turgåing. Langt meir enn det ein får inntrykk av når ein les Punkt 3.14 i konsesjonssøknaden, der vi dessverre har inntrykk av at bruksomfanget er bagatellisert. Fine naturopplevingar, som Øvrebøfossen (spesielt fin!), fossen i Fossgrova, det flotte gjelet desse fossane går ned



i, og det fine fjellandskapet som opnar seg i fleire retningar frå litt nedanfor det planlagde inntaket og oppover til/forbi Gotdalsstøylen, gjer dette til eit attraktivt turområde. Området vert også brukt ein del til skigåing, men dessverre veit vi for lite om bruksomfanget.

Når det gjeld fotturbruken, kan teljingar frå bomvegen (jf konsesjonssøknaden) sjølvsagt gje ein viss peikepinn om kor mange som går der (gjennomsnittleg kor mange personar har ein rekna med i kvar bil?), men her er bomvegen så kort, berre mellom 1,4 og 1,5 km før vegen vert stengd, at eit stort tal av dei brukarane som kjem med bil, truleg parkerer på utsida av bommen, og tek det å gå på bomvegen som ein del av turen. Dessutan er det sikkert nokre som sykklar. Det er all grunn til å tru at bruksomfanget er betydeleg større enn det bruken av bomvegen indikerer.

**Kommentarar til bruksmåte 2:** Ruta Ålhus – Longevasshytta er ei av dei mange rutene til/frå Indre Sunnfjord Turlag si hytte. Ruta går frå Indrebø/enden av bomvegen via Gotdalsstøylen, opp Tolsbotnen og vidare i nordleg retning til Longevasshytta. Den er markert på kart, mellom anna i NVE-atlas. Ruta er ganske krevjande, og bruken er derfor mykje mindre enn bruken av den lettaste ruta, frå Legestøyen i Årdal via/langs Stigsvatnet til hytta. (Sjå høyringsfråsegna vår om Kupekraft kraftverk.) Indre Sunnfjord Turlag har gjennom åra arrangert ein del turar frå Ålhus til Longevasshytta. (Ikkje årlege turar.) I dei periodane då ruta over/langs Stigsvatnet ikkje er framcomeleg fordi isen har gått opp og rasfare gjer det uforsvarleg å gå langs austsida av Stigsvatnet, er ruta Ålhus – Longevasshytta ei alternativ rute. Info om turruta og Longevasshytta finn ein på desse linkane:

<http://ut.no/rute/aalhus-longevasshytta>

<http://ut.no/hytte/longevasshytta>

Longevasshytta er svært sentral i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, med turruter i (nesten) alle retningar i tillegg til frå Ålhus. Dei viktigaste er:

- Sørøstover til Legestøylen/Årdal i Jølster.
- Sørvestover til Angedalen i Førde kommune.
- Vestover til Nes i Naustdal kommune.
- Nordvestover til Gjengedalen i Gloppen kommune.
- Nordover via Langedalen til Sandane i Gloppen.
- Nordøstover til Kandalen i Gloppen.

Andre aktuelle ruter i området, og inne i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde:

- Frå Gotdalsstøylen og vestnordvestover gjennom Gotdalsskaret til Gotdalen i Naustdal.
- Ein rundtur frå Gotdalsstøylen via Gotdalsskaret, over Grønlifjellet og Litlebottsegga, via Tolsbotnen og attende til Gotdalsstøylen. I fint vêr er dette ein fantastisk tur!
- Ein annan populær rundtur går frå Nedrebø i Ålhus, opp fjellryggen aust og nord for Nedrebødalen, via Blåfjellet og Kvitsvornipa til Syskarnipa, 1.282 moh. Nedtur frå toppen og aust- over ned Ålhusdalen, så sørleg ned Øvrebødalen på vestsida av elva langs utbyggingsområdet for Øvrebø kraftverk og ned til Indrebø. Indre Sunnfjord Turlag arrangerer ein årleg skitur langs denne ruta. I 2014 vart turen arrangert 30. mars, sjå foto frå turen på denne linken: <https://www.flickr.com/photos/isturlag/sets/72157643196472445/>

### **Kommentarar til utbyggingsplanane:**

**2.1 Hovuddata:** Ei maksimal slukevne på i overkant av 200% av middelvassføringa, er innanfor det som er vanleg for småkraftverk i dag. (Tidlegare var det mest vanlege 150%.) Ei minstevassføring om sommaren på 77 l/s når 5-persentil sommar er 150 l/s, er for lågt. Spesielt med tanke på at ein har Øvrebøfossen på utbyggingsstrekninga. Både av landskapsomsyn og av omsyn til biologisk mangfald bør minstevassføringa om sommaren settast til minimum 5-persentil sommar, helst enda høgare!

**2.2.2 Inntak:** Viss elva skal byggast ut, har vi ikkje spesielle merknader til den planlagde plasseringa av inntaket. Det ser ut til å vere ei naturleg plassering. Det er ønskjeleg at ein til ei viss grad prøver å gjere inntaket/inntaksdammen mindre synleg gjennom bruk av farga betong og/eller ved å ”kamuflere” delar av inntaksdammen på nedsida ved bruk av naturstein.

**2.2.5 Vassveg:** Vi har heller ingen spesielle merknader til røyrgatetraseen. Det er skissert to alternative trasear i søknaden. Dessverre har vi ikkje hatt tid til å sjå så grundig på desse alternativa at vi kan seie om det eine er betre enn det andre. Vi går ut frå at dette er noko ein vil sjå på under NVE si sluttsynfaring.

**2.2.6 Kraftstasjonen:** Vi har ingen merknadar til plasseringa av kraftstasjonen. Det er viktig med god lydisolasjon for å unngå ”hylinga” frå Peltonturbinen. Dette veit NVE ”alt” om! For å redusere viftestøy, og dermed også det samla støynivået, er det ønskjeleg at det vert brukt vasskjølt anlegg. Det er noko dyrare enn eit luftkjølt anlegg, men har, etter det vi har fått opplyst, lenger levetid.

**2.2.8 Vegbygging:** Ingen spesielle merknadar.

**2.2.10 Nettilknytning:** Sett frå vår synsstad vil det vere ønskjeleg å legge linja i kabel, til dømes i eller langs vegen, fram til tilkoplingspunktet til eksisterande linje. Dette i staden for i luftlinje. Det er av miljøomsyn mest vanleg å legge linjene frå småkraftverk i kabel. På den andre sida ser vi at 1,8 km er ein litt lang, men ikkje uvanleg lang, kabelstrekning. **Vi ber NVE vurdere dette spørsmålet.**

**2.6 Tilhøvet til offentlege planar og nasjonale føringar:** I Sogn og Fjordane Fylkeskommune sin vedtekne ”Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging” er det for delområde Jølstra (som denne utbygginga ligg inne i) på side 72 registrert 20 fossar/stryk som er **viktige landskapselement**. 8 av desse er i Førde kommune og 12 i Jølster. Dei 12 i Jølster er følgjande (i litt endra rekkefølge):

- |                                  |                           |                                                                                                                                    |
|----------------------------------|---------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 1. Fagredalselva, øvre delar     | Dvergsdalsdalen           | Ikkje utbygd.                                                                                                                      |
| 2. Klipperfossen                 | Ålhus                     | Ikkje utbygd.                                                                                                                      |
| 3. Pissaren                      | Syngesandselva            | Ikkje utbygd.                                                                                                                      |
| 4. Øvrebøfossen/Brekkefossen     | Inst i Ålhusdalen         | Konsesjonssøkt i Øvrebø kraftverk.                                                                                                 |
| 5. Kvamsfossen                   | Nedstraums Flugelona      | Konsesjonssøkt i Jølstra kraftverk. Litt regulert også i dag gjennom reguleringa av Jølstravatnet. (Låg foss med stor vassføring.) |
| 6. Myklebustfossen               | Sørsida av Jølstravatnet  | Har fått konsesjon.                                                                                                                |
| 7. Bjørndalselva                 | Sanddalen                 | Utbygd, kraftverket i drift.                                                                                                       |
| 8. Gjesdalselva                  | Vassenden                 | Utbygd, kraftverket i drift.                                                                                                       |
| 9. Grovafossen                   | Sægrov, Kjøsnesfjorden    | Utbygd, kraftverket i drift.                                                                                                       |
| 10. Fagredalselva, nedre delar   | Dvergsdalsdalen           | Utbygd, kraftverket i drift.                                                                                                       |
| 11. Breelvskaret                 | Sørsida av Kjøsnesfjorden | Utbygd, kraftverket i drift.                                                                                                       |
| 12. Fossane/stryka i Lundebotnen |                           | Utbygd, kraftverket i drift.                                                                                                       |

Som det går fram av oversynet, er det berre 3 av desse 12 viktige landskapselementa som ikkje er utbygde eller konsesjonssøkte. 2 er konsesjonssøkte, i denne utbygginga og i Jølstra kraftverk. 1 har fått konsesjon, men er enno ikkje utbygd. 6 er ferdig utbygde og kraftverka er i drift.

**EU sitt vassdirektiv:** Øvrebø kraftverk ligg i ei sideelv til Jølstra, og høyrer inn under Sunnfjord vassområde. (Ikkje Nordfjord som det står i konsesjonssøknaden!)

**OED sine ”Retningslinjer for små vannkraftverk”:** Vi minner om det som står om Verdfulle landskapselement (her Øvrebøfossen og gjelet den renn ned i), Biologisk mangfald (Fosseberg og Fosseeng) og Friluftsliv.

### **Kommentarar til verknadane av utbygginga:**

**3.1 Hydrologi:** Etter vårt syn er den omsøkte minstevassføringa om sommaren altfor låg. Viss utbygging, er det viktig både av omsyn til landskap og biologisk mangfald, at Øvrebøfossen får god vassføring om sommaren. **Viss konsesjon, ber vi NVE om å sette minstevassføringa til minimum det som i dag er vanleg for småkraftverk: 5-persentil vinter og sommar.**

**3.2 Vasstemperatur, isforhold og lokalklima:** Sitat frå konsesjonssøknaden side 26:

*"Øvrebø Kraftverk ligger i midtre/indre fjordstrøk med årsnedbør med middelveier rundt 1700 – 2000 mm pr. år. Mai er den mest nedbørsrike måneden."*

**Kommentar:** Når det her blir hevda at mai er den mest nedbørrike måneden i året, så veit i alle fall både utbyggerane og NVE at dette er heilt feil, sjølv om ikkje Norconsult veit det. Men det er mogeleg at snøsmeltinga gjer mai til den månaden i året då tilsiget til kraftverket vil vere størst.

**3.5, 3.6, 3.7 og 3.10:** Vi har ikkje hatt tid til å vurdere desse punkta i særleg grad. Men som det går fram av konsesjonssøknaden med vedlegg, er det betydelege konflikhtar på nokre av desse fagfelta. Vi går ut frå at andre høyringsinstansar - og NVE - vurderer desse konflikttane nærare!

**3.9 Landskap og INON:** Når Øvrebøfossen i Sogn og Fjordane Fylkeskommune sin vedtekne "Regional plan med tema knytt til vasskraftutbygging" er registrert som eit "viktig landskapselement", så er det ikkje fordi det er "lokalt viktig", slik det står i konsesjonssøknaden, **det er fordi det er regionalt viktig!** Vi veit at for mange turgåarar er Øvrebøfossen ein viktig del av opplevinga når dei går på tur i området. Særleg flott er fossen (sjølv sagt) når vassføringa er stor. Noko av det mest spesielle med den, er at det er så enkelt å kome "tett på" den. Det aukar opplevingsverdien! Fossen er svært godt synleg frå traktorvegen, og viss ein går eit ganske lite stykke på utsida av vegkanten, noko mange heilt tydeleg gjer, så ser ein den enda betre! Øvrebøfossen har fått auka verdi fordi så mange av dei andre 12 fossane i Jølsterdelen av Jølstra er utbygde, sjå oversynet under Punkt 2.6 ovanfor. Av dei 4 første (ikkje utbygde) fossane på lista i Punkt 2.6 er dessutan Øvrebøfossen den klårt lettast tilgjengelege, ettersom det er berre nokre få hundre meter å gå frå parkeringsplassen!

**Vårt syn er at den verdien Øvrebøfossen og gjelet den renn ned i har for landskapet, er klårt undervurdert i konsesjonssøknaden! Under sluttsynfaringa får NVE gjere egne vurderingar, og sjå om de ser om de er einige i påstanden. Vi håpar det blir bra vassføring under synfaringa!**

**3.14 Brukarinteresser:** Vi viser til det vi har skrive om friluftsliv på side 1 og 2 i fråsegna.

**3.19 Samla vurdering:** For følgjande tema: Terristrisk miljø, Landskap og INON, og Brukarinteresser er **den negative konsekvensen etter vårt syn heilt klårt undervurdert.** Vi vil nesten seie det så sterkt som at den er bagatellisert. Så får NVE vurdere om de er einige i det - eller ikkje. Når det gjeld brukarinteresser, gjer vi for ordens skuld merksam på at konflikten gjeld naturopplevinga. Det vert ikkje lagt fysiske hindringar i vegen for friluftslivet bortsett frå i anleggsfasen, og det er slikt som heilt klårt er "til å leve med" for denne konkrete utbygginga.

### **Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:**

Sogn og Fjordane Turlag går mot denne utbygginga. Hovudgrunnen til dette er den sterkt reduserte vassføringa ein vil få i Øvrebøfossen, som er ei lettilgjengeleg perle i landskapet. Ein spesiell verdi har fossen fordi ein kjem så "tett på" den - frå motsett side av gjelet den renn ned i. Ein ser den også godt litt lenger oppe, der traktorvegen kryssar Fossgrova. Det negative synet vårt på utbygginga vert forsterka av sumverknadane av mange utbyggingar. Det er så mange andre av fossane i Jølsterdelen av Jølstra som er utbygde frå før! Sjå oversynet i omtalen av Punkt 2.6 på førre side av fråsegna. Og så er det nokre konflikhtar med biologisk mangfald, inkl. naturtypar, som vi ber NVE vurdere nærare.

Viss NVE skulle gå inn for utbygging, ber vi om at minstevassføringa om sommaren vert sett høgt, minimum til 5-persentil sommar, slik at Øvrebøfossen – i alle fall til ei viss grad – kan bli opprethalden som landskapselement, og slik at naturverdiane, inkl. biologisk mangfald, i tilknytning til fossen kan verte tekne vare på på ein brukbar måte.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: [alvar-m@online.no](mailto:alvar-m@online.no).

Venleg helsing  
for SOGN OG FJORDANE TURLAG  
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)

Vedlegg 1: Foto av Øvrebøfossen, sjå påfølgjande sider i dette brevet.

2 filvedlegg med stoff henta frå sakspapira for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde:

- Vedlegg 2. Kort informasjon om friluftsliv. Side 15 i eit høyringsutkast frå mars 2000.
- Vedlegg 3. Utdrag av den delen av Stølsnotatet som gjeld Årdal i Jølster.

Vedlegg 1, side 1/3: Øvrebøfossen 9.5.2014. Middels vassføring. Frå v/traktorvegen tvers over gjelet.



Vedlegg 1, side 2/3: Øvrebøfossen 26.9.2010. Låg vassføring. Frå ved traktorvegen tvers over gjelet.



Vedlegg 1, side 3/3: Øvrebøfossen 26.9.2010. Låg vassføring. Sett frå traktorvegen litt lenger oppe:

